



Saksbehandler: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 19/12861-1

Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - utviding av låneavtale

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slike vedtak:

1. Fylkeskommunen utvider det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet til Opplæringsfartøy AS fra 3 til 5 mill. kr, med gjeldande vilkår.
2. Låneavtalen for det samla lånet på 5 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne låneavtalen.
4. Utvidinga av lånet med 2 mill. kr vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Vedlegg:

1. FT-sak 47/19 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - utviding av låneavtale, saksutgreiing og møteprotokoll

Andre relevante dokument i saka:

- FT-sak 37/18 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS – lenging av låneavtale
- FT-sak 36/16 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS – lenging av låneavtale
- FT-sak 37/10 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Opplæringsfartøyet Skulebas må i 2019 gjennom ei femårsklassing (hovudklassing). Som følgje av dette handsama FT i oktober 2019 sak 47/19 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - utviding av låneavtale. I saka heiter det m.a.:

«Fylkesrådmannen har over tid vore i dialog med Opplæringsfartøy AS om behovet for og finansiering av klassing av Skulebas. Det har vore einighet om at klassinga i 2019 er naudsynt å gjennomføre, då ferdigstilling av nytt fartøy ligg for langt fram i tid. Skulebas må i 2019 gjennom femårsklasse (hovudklassing). Kor omfattande dette blir, eller kor store kostnadane blir, er usikkert.

Klassinga i 2014 hadde ein kostnad på kr 1 198 000,-. Frå Det Norske Veritas GL sin representant i Måløy er det antyda same kostnad pluss 30 % i 2019...

Slik klassekostnaden er stipulert vil utviding av det rente- og avdragsfrie lånet for selskapet med 2 mill. kr, med gjeldande vilkår, gje selskapet naudsynt likviditet til å gjennomføre klassinga.»

FT gjorde følgjande vedtak i saka:

1. Fylkeskommunen utvider det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet til Opplæringsfartøy AS fra 1 mill. kr til 3 mill. kr, med gjeldande vilkår.
2. Låneavtalen for det samla lånet på 3 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne låneavtalen.
4. Utvidinga av lånet med 2 mill. kr må innarbeidast i budsjett 2019 i samband med tertialrapport 2/19.

Opplæringsfartøy AS kom i november i gang med klassinga. Ny opplysningar frå selskapet syner at klassinga vert vesentleg dyrare enn tidlegare føresett.

2. Vurderingar og konsekvensar

Som fylkesrådmannen tidlegare har understreka er det uvisse knytt til omfanget og kostnaden av klassinga. Dette heng m.a. saman med den høge alderen på fartøyet. Klassinga er enno ikkje avslutta. Den prognostiserte kostnadsauken er knytt til behovet for skifting av stål på dekket og tæringsskader i propellhovudet. Deler til dette er ikkje hyllevare, men må spesialmaskinerast.

Det er fylkesrådmannen si vurdering at utviding av fylkeskommunen sitt rente- og avdragsfrie låن til Opplæringsfartøy AS med ytterlegare 2 mill. kr, frå 3 til 5 mill. kr, vil gje selskapet naudsynt likviditet til å gjennomføre klassinga. Etter fylkesrådmannen si vurdering kan utvidinga av lånet med 2 mill. kr finansierast ved bruk av disposisjonsfond (bufferfondet). Med bakgrunn i framdriftsplanen for å få på plass nytt opplæringsfartøy, er det fylkesrådmannen si vurdering at det samla rente- og avdragsfrie lånet på 5 mill. kr bør gjelde fram til 31.12.2021.

3. Reglane om offentleg støtte i EØS

Som det går fram av FT-sak 47/19 vil utviding og lenging av det rentefrie lånet bli ramma av reglane om offentleg støtte i EØS, men dersom beløpet er bagatellmessig vil ein likevel kunne gje slik støtte. For nærmere omtale av fylkesrådmannen sine vurderingar knytt til reglane om offentleg støtte i EØS, viser eg til punkt 4 i FT-sak 47/19. Det er fylkesrådmannen si vurdering at vi med ei utviding av lånet med 2 mill. kr, frå 3 til 5 mill. kr, framleis er innanfor grensa for bagatellmessig støtte.

Det er knytt nokre ytterlegare vilkår for å kunne gje bagatellmessig støtte. Fylkeskommunen må m.a. skriftleg informere støttemottakar om at det er bagatellmessig støtte ein yter, og kor stor summen er. Vidare må det refererast til regelverket, og fylkeskommunen må krevje skriftleg stadfesting frå støttemottakar om ev. anna bagatellmessig støtte føretaket har fått.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen utvidar det rente- og avdragsfrie lånet på 3 mill. kr med 2 mill. kr, med gjeldande vilkår. Utvidinga av lånet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond (bufferfondet). Fylkesrådmannen rår vidare til at det samla rente- og avdragsfrie lånet på 5 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Fylkesrådmannen rår til at lånet vert kravd tilbakebetalt, dersom fartøyet vert sold før denne tid.